



Uskedalen har mykje å by på og det er godt forståeleg at folk ønskjer å busetja seg her.

For få år sidan kom ein flott familie flyttande frå hovudstaden til Uskedalen etter at dei mellom anna hadde brukt uskedalen.no i førebuingssprosessen. No er det mogeleg at det kan verta ein reprise. I dag tikka ei ny melding inn til redaksjonen om ein familie som ønskjer å flytta til Uskedalen eller ein annan stad i Kvinnherad.

Den hyggelege meldinga lydde slik:

Småbruk ved sjøen?

Me er ein liten familie på tre som ynskjer å busetje oss i Kvinnherad. Drøymmer om eit lite småbruk (eller tomt) ved sjøen i området Valen-Rosendal. Det kan også bli aktuelt å leige ein periode dersom det tar tid å finne hus.

Ta gjerne kontakt dersom du eig noko som kan vere aktuelt å vise oss! Me har ei mellomlanding på vår ferd frå Oslo til Kvinnherad på Fitjar (min heimstad), så det er lett for oss å komme på visning!

Liv Inger Engevik og Rikard Røros

Dei to kan kontaktast på 915 51 280 eller 957 54 306 eller på epost livinger2@gmail.com

Vi håpar alle som les dette spreier ordet og hjelper til. Det hadde vore kjekt om desse hadde hamna her i Uskedalen.



Mange har glede av den vakre naturen vi er omkransa av. Her frå Mannsvatnet.

Foto og nett: Thor Inge Døssland.